

F-16 i "jule-formasjon" over distriktet

11.12.2008



338-skvadronen markerte også i år jula med ein landsdekkjande formasjonsflyging med F-16. Dei seks flya passerte distriktet torsdag ettermiddag og vi har fått dette biletet frå uskedelingen, lufthamnsjef Jan Morten Myklebust. Sverre Audun Rikstad tok det då formasjonen flaug over Stord Lufthamn klokka 14.25.

Formasjonen kom frå Ørlandet Flystasjon og gikk først til Bodø før den snudde sørover. Over Østlandet møtte den ein av Luftforsvarets første jetjagarar, ein Havilland Vampire, med trompetisten Ole Edvard Antonsen om bord. Så flaug formasjonen over Sørlandet og Vestlandet og attende til Ørlandet..

Formasjonen "Julestjernen" har røtter attende til 1950-talet og hensikten er å visa fram Luftforsvaret og markera slutten på året..

Formasjonen har også eit rekrutteringsperspektiv. Ein ynskjer så mange søkjarar til flyskulen som mogeleg. Årets søknadsfrist er forlenga til 20. desember grunna mykje merksemd rundt kampflysaka.

Av Ola Matti Mathisen